



Ove Asbjørn Holmås  
Sævråsvegen 118  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8335 - 20/69590

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
03.11.2020

## **Førehandsvarsel med pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt- gbnr 100/4 Fjellsende**

**Tiltak:** Utbetring septiktank  
**Byggjestad:** Gbnr: 100/4  
**Tiltakshavar:** Ove Asbjørn Holmås

Viser til brev av 06.05.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning vart registrert lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Sævråsvegen 120, 5955 Lindås. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Frist for utbetring vart satt til **02.07.2020**. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå deg om at utbetring er blitt utført.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje deg som grunneigar å reparere tanken slik at den tilfredsstillar dagens krav til standard og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

### **Kommunens oppgåve og mynde**

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 4. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som forureinar i strid med § 7.

### **Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt**

Kommunen reknar septiktanken på eigedomen din som ikkje tilfredsstillande i forhold til forureiningslova § 7 og forureiningsforskrifta kapittel 12.

Som følgje av det ovannemnde vurderer kommunen å påleggje deg å rette opp.

### **Varsel om pålegg og tvangsmulkt**

Med heimel i forureiningslova § 7 varslar Alver kommune om at vi vil påleggje deg å utbetre septiktanken dersom vi ikkje **innan 15.01.2021** har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon frå deg om at dette er gjort.

Med heimel i forureininglova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil illegge tvangsmulkt dersom tanken ikkje er blitt reparert og kommunen ikkje har motteke tilbakemelding på dette **innan 15.01.2021**.

#### **Frist**

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 15.01.2021**.

#### **Kva kan du gjere no?**

For å unngå pålegg må du gjere følgjande:

- Ta kontakt med eit godkjend røyrleggarverksemd eller ei anna godkjend verksemd som reparerer lekkasje i septiktankar.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysning om at tanken er reparert, samt biletedokumentasjon.
- 

#### **Dine rettar:**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om opprydding. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

**Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.**

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

#### **Aktuelt regelverk**

- Plikt til å unngå forureining og kommunens heimel til å pålegge tiltak følgjer av forureiningslova § 7.
- Plikt til å vedlikehalde avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Ove Asbjørn Holmås

Sævråsvegen 118

5955 LINDÅS